

---

**Frå:** Ole Bakkebø <olebakkebo@gmail.com>  
**Send:** mandag 2. september 2019 13:56  
**Til:** Byggesak Lindås  
**Emne:** Fritak for gebyr i samband med byggesak på Meierikaien på Lygra  
**Vedlegg:** image001.png

**Kategoriar:** Under behandling

Lindås kommune  
Att : Siril Sylta

Lindås kommune er kjent med at det gamel venteskuret på Meierikaien på Lygra gjennom kriminell handling var reve ned i fjor. Jmfr vårt brev av 18/10 -2018. Kommune har på spørsmål i frå styret gjort oss merksom på at P&B-lova krev full byggesakshandsaming med dispesøknad for å setje opp at bygget der det stod og med same utforming. Taket er sikra, det øvrige var ødelagt med motorsag. Saka er politianmeldt, men ingen ting er avklart.

Før laget tek endeleg standpunkt til oppattføring av bygget og sender inn påkrevde søknader, ynskjer vi att kommunen fritek oss for aktuelle gebyr.

Søknad om fritak for dette gebyret gunngjев vi som følger :

1. Skuret vart reve som følge av kriminell handling
  2. Det er det same skuret som skal setjast opp
  3. Plassering vert nøyaktig som før.
  4. Det er eit ynskje både frå kulturavdelinga i kommunen og fylkeskommunen at bygget vert sett opp att.
  5. Laget har avgrensa med midlar og sjølve oppattføringa av bygget vil kosta laget mykje penger.
  6. Bygda her ute ynskjer at dette symboltunge bygget vert reist opp att.
  7. Vi vurderer at det bør vere kurrant og enkel sakshandsamingsprosess for kommunen dsv avgrensa ressursbruk.
- Dette spørsmålet vart drøfta med ass rpdmann Haugsdal i møte februar 2010. der det gjekk fram at vi kunne söke om fritak for gebyr.

For styret  
Ole Bakkebø

Vedlegg : Skriv frå Hordaland fylkeskommune 15. mars 2019 :

Viser til din førespurnad om venteskuret på Lygra kai.

-  
Når det gjeld spørsmålet om mogleg miljøkriminalitet: Sidan venteskuret, etter det me kan sjå, ikkje hadde noko formelt vern er det ikkje overraskande at politiet ikkje har vurdert rivinga som miljøkriminalitet. Generelt er det i slike tilfelle særleg viktig at meldaren av brotsverket gjer greie for kulturminnedimensjonen ved saka.

-  
Til dei tre konkrete spørsmåla kan me svara dette:

Venteskuret har kulturhistorisk interesse som del av det heilskaplege miljøet rundt meieriet og dampskipsskaia. Venteskuret var med å fortelja om kaia sin funksjon som møtestad og eit knutepunkt i samferdsla. Verdien av miljøet ved kaia vert forsterka av at dei inngår i det større kulturlandskapet på Lygra, med Llynghesisenteret som kjerne. Det er difor ønskjeleg ut frå kulturminneomsyn at venteskuret vert gjenreist, med dei same hovudtrekk i utforminga som det hadde.

-

Dei midlane HFK har til restaureringsarbeid, kan ein søka på gjennom tilskotsordninga til verna kulturminne <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/tilskot-til-vernvog-voling-av-verneverdige-bygg/>. (Merk at ein her sender søknaden til kommunen, som sjølv set ein søknadsfrist – som truleg er ein gang seint på hausten.) Elles finst det ein del andre tilskotsordningar til bygningar med kulturminneverdi, jf. oversikt på <https://www.byggogbevar.no/pusse-opp/tilskudd/artikler/for-bygninger-som-ikke-er-fredet>.

-

HFK kan diverre ikkje hjelpe med bygningsteikningar. Men det kan vera verdt å sjekka med Kulturverntenesta i Nordhordland, om dei har høve: <http://www.muho.no/kulturverntenesta>

-

mvh

-

**Erlend Hofstad**  
Seniorrådgjevar | Fagkoordinator fartøy- og bygningsvern  
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 489 94 916  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)